

RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

ÅRSMELDING OM ARBEIDET I RMF I 2017

RMF sine medlemmar 2017 m/personlege varamedlemmer vart vald for 4 år av kommunestyret 25.11.2015.

Medlemmar		Personlege varamedlemmar
Anne-Berit Kolås	SAFO	1. Tore Eugen Hansen 2. Reidun Grønhaug
Åshild Aamli	NFU	1. Arvid Sakseide 2. Elise Bastesen Dale
Anne Marie Skurtveit	LHL	1. Anne Britt Hopland 2. Gunn Krokeide
Beate Eknes	ULK	1. Leif Johnsen 2. Thomas Wallen
Henriette Fennelly	UDU	1. Magnar Hellen 2. Bente Sagstad

Første møtet i RMF var 09.12.15. På dette møtet vart Anne-Berit Kolås vald som leiar og Åshild Aamli vald som nestleiar.

I 2017 hadde RMF 5 møte.

RMF har handsama 28 saker i tillegg til godkjenning av innkalling/sakliste, møtebok, skriv og meldingar og aktuelle saker:

Plansaker RMF har fått til uttale:

1. Reguleringsplan Øvre Holsbergstien

Rådet ser med bekymring på utbygging i så bratt terreng, noko som vil hindre høve for universell utforming mellom bustadene. Krava i TEK 10 seier at bustader skal være universelt utforma. At det byggjast bustader som ikkje er tilgjengeleg for alle vil hindre høve også for at dei kan ha besøksstandard. Slike bustader har vi nok av i kommunen.

2. Varsel om oppstart av planarbeid. Detaljregulering fv. 245 Fosse- Moldekleiv

Rådet føreset at gang - og sykkelvegnettet blir universelt utforma både når det gjeld stigningsforhold og belegg.

3. Varsling av oppstart av reguleringsplanarbeid for Fossesjøen, gnr. 25, bnr. 161, 167 m.f.

Rådet føreset at heile området blir utbygd i tråd med prinsippa for universell utforming. Rådet ser med bekymring på høgdeforskjellar i området, men føreset at alle bustader og uteareal blir tilgjengeleg for alle.

4. Detaljreguleringsplan for Fosse, gbnr 25/17, 14 m.fl

Rådet føreset at heile området blir utbygd i tråd med prinsippa for universell utforming. Rådet ser med bekymring på høgdeforskjellar i området, men føreset at alle bustader og uteareal blir tilgjengeleg for alle. Dette er også viktig når det gjeldt planlagde stiar, som må ha eit underlag som gjer høve til framkommelegheit for alle.

5. Endring områderegulering Frekhaug senter - Offentleg ettersyn og høyring

Orienteringa vert teken til vitande, rådet ber om vidare oppfølging.

6. Varsel om oppstart av privat planarbeid for del av Mjåtveit

Rådet tek meldingane til orientering, ber om vidare oppfølging.

7. Varsel om oppstart av områderegulering Dalstø Mjåtveitstø i Meland kommune

Rådet føreset at krav om universell utforming blir følgd i alle tiltak i planområdet og at rådet vil bli haldt løpande orientert.

8. Reguleringsendring Fossemyra Idrettsanlegg – Offentleg ettersyn og høyring

Reguleringsendring vert teken til vitande utan merknader.

9. Varsel om oppstart av planarbeid. Detaljregulering fv. 564 Frekhaugkrysset, inkludert utbetring av fv. 244

Rådet føreset at krav om universell utforming blir følgd i alle tiltak i planområdet og at rådet vil bli haldt løpande orientert

Saker RMF har fått til uttale:

10. Utviding av Meland kyrkjegard

Rådet føreset at prinsippa i plan- og bygningslova om universell utforming blir følgd spesielt i forbindelse med tilkomstveg og parkering i nærleiken

11. Høyringsutkast til kommunen sin realfagsstrategi for barnehage og grunnskule.

Rådet ser fram til å bli orientert om framdrift og resultat av strategien. Rådet føreset at elevar med dyskalkuli blir aktivt integrert i arbeidet

12. Status utbygging Sagstad skule og Grasdal skule

Rådet ønskjer mindre storleik i handvask på HC-toalett og at såpedispensar og tørkepapir vert

plassert ved sidan av kvarandre med bossdunk plassert under. Rådet meiner det er beklageleg at det er få teleslynger på Sagstad skule.

13. Bustadmelding 2017 – 2020

Meldingane vert teken til orientering

14. Retningslinjer for å inkludere personar med utfordringar på arbeidsmarknaden ved gjennomføring av kontraktar

RMF meiner at framlegg til vedtak punkt 2 bør endrast til følgjande:

Dersom kontrakten ikkje eignar seg som ein reservert kontrakt, skal det gjerast ei vurdering av om kontrakten eignar seg som ein inkluderande kontrakt. Det skal vurderast korleis kravet om en viss bruk av tilsette som har nedsett funksjonsevne/arbeidsevne, eller som av andre grunnar har spesielle utfordringar på arbeidsmarknaden, kan fungere mest mogleg føremålstenleg for det aktuelle innkjøpet. Det skal og vurderast om ein i nokre kontraktar skal krevje ein viss bruk av einskilde grupper tilsette, til dømes bruk av varig tilrettelagte arbeidsplassar (VTA). Konklusjonen skal grunngjevast, anten i innkjøpsprotokoll eller i eige notat

15. Budsjett 2018

Rådet er bekymra over at teksten knytt til Brukerstyrt Personlig Assistanse kun er knytt til foreldre/born. Rådet ønskjer å påpeike at det er bornet som får BPA for å kunne leve eit sjølvstendig liv som andre born på same alder, samstundes som foreldre får avlastning. Vi kan ikkje sjå at vaksne med assistansebehov er nemnt i tekstdelen. Det er også tydeleg at her er det ikkje sett av nok midlar til at alle med rett kan få eit akseptabelt BPA-tilbod.

Når det seiast at 60% av samla budsjetttramme blir brukt til «tenesteyting til born og unge vaksne med særskilte behov/funksjonsnedsetting» undrar det oss at ikkje dette er sett i samanheng med midlar til BPA. Har ein borgar BPA vil den ikkje ha same behov for tenester frå heimetenesta.

Rådet meiner også det er beklageleg at det framleis er så mykje spesialundervisning i skulane i Meland kommune, i staden for at det satsast meir på tilrettelagt undervisning.

Saker RMF har teke opp på eige initiativ

16. Gjennomgang av kommunen sitt arbeid for elevar med dysleksi

Rådet meiner det er viktig at arbeidet for elevar med dysleksi, blir vektlagt i dei ulike satsingsområda i skulane i Meland kommune. Dette vil også kunne resultere i at det blir mindre behov for spesialundervisning.

17. Ferieturar for ungdom med nedsett funksjonsevne

Rådet ber Meland kommune undersøkje med andre kommunar korleis dei får til ferieturar for ungdom med nedsett funksjonsevne. Rådet ber Meland kommune sjå på alternative løysingar for å få til feriereiser.

Rådet ber om å bli orientert vidare om arbeidet med felles BPA-struktur i kommunane Lindås, Radøy og Meland og korleis kommunen i framtida vil løyse fritidsreiser for menneske med nedsett funksjonsevne

18. Høyringsutsegn om hjelpemiddelformidlinga

Kommunalt råd for funksjonshemma ber kommunen, ved kommunestyre eller formannskap, om å gje høyringsutsegn på Ekspertutvalets rapport «En mer effektiv og fremtidsrettet hjelpemiddelformidling», med høyringsfrist 21. mai.

Forslaget om å overføre viktige oppgåver, rettar, finansiering og fagleg formidling frå staten til kommunane må avvisast.

Rådet ber derfor om at følgjande utsegn blir vedtatt som høyringssvar:

«Kommunen mener retten til hjelpemidler fortsatt skal ligge i folketrygden med et statlig finansieringsansvar og et nasjonalt formidlingssystem for faglig rådgivning og utlån av hjelpemidler. Dette vil sikre funksjonshemmede tilgang til nødvendige hjelpemidler på alle livsområder slik at grunnleggende menneskerettigheter blir ivaretatt. Retten til hjelpemidler må være ikke være avhengig av geografisk bosted og kommuneøkonomi. Staten bør forbedre hjelpemiddelformidlingen ved å styrke kommunenes ergoterapitilbud og rehabilitering, utvikle bedre IKT-løsninger og gjøre forenklinger. At innbyggere, gjennom folketrygden, er sikret hjelpemidler som kompenserer for funksjonsnedsettelse vil ha betydning for et levende lokaldemokrati der alle kan delta.»

19. Orientering frå ordførar Øyvind H. Oddekalv

Orienteringa vert teken til vitande med ønskje om tilgong til møteportalen for leiar Anne-Berit Kolås.

20. Retningslinjer og vedtekter for ledsagarbevis

Rådet ønskjer å bidra i arbeidet med blant anna formuleringar i retningslinjene, men vil òg peike på at det er tydeleg at intensjonen med ledsagarbevis blir følt godt opp i kommunen.

Innkalling og sakspapir har vorte sendt den lokale pressa, biblioteka, ordførar og rådmann. Møtebok frå møta vert sendt dei same, samt sekretær for Utval for leverkår og Utval for drift og utvikling .

RMF har hatt møte der tilsette i administrasjonen har orientert om følgjande:

- **Skulefagleg rådgjevar Reidun E. Johannessen orienterte om:**
 - kommunen sitt arbeid for elevar med dysleksi
- **Koordinator for heimetenesta Rannveig Bovim orienterte om:**
 - konsesjonssøknad BPA (brukarstyrt personleg assistent) - Meland, Lindås og Radøy
 - retningslinjer og vedtekter for ledsagarbevis
- **Leiar for heimetenesta Britt Romarheim orienterte om:**
 - konsesjonssøknad BPA (brukarstyrt personleg assistent) - Meland, Lindås og Radøy
- **Leiar for heimetenesta Britt Romarheim** var i møtet for å svara på spørsmåla som RMF hadde sendt ut på førehand angåande ferieturar for ungdom med nedsett funksjonsevne
- **Rådgjevar Kjersti Møllerup Subba orienterte om:**
 - Reguleringsplan Øvre Holsbergstien

- Endring områderegulering Frekhaug senter - Offentleg ettersyn og høyring
- **Prosjektleder Ronny Landaas orienterte om:**
 - Status utbygging Sagstad skule og Grasdal skule
- **Rådmann Martin W. Kulild** kom i møte for å bli orientert om RMF
- **Plansakansvarleg Ingrid Raniseth orienterte om:**
 - Varsel om oppstart av områderegulering Dalstø Mjåtveitstø i Meland kommune
 - Varsel om oppstart av planarbeid. Detaljregulering fv. 564 Frekhaugkrysset, inkludert utbetring av fv. 244
- **Tenesteområdeleder kultur Eirik Utne orienterte om:**
 - Utvikling av Holsnøy meieri til kulturføremål
- **Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte om:**
 - Budsjett 2018

I Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne av 17.06.2005 står det m.a.:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er eit rådgjevande organ for kommunen. Alle dokument skal leggast fram for rådet i god tid før kommunestyret handsamar saker. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha til handsaming alle saker som gjeld levevilkår for menneske med nedsett funksjonsevne.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne sine oppgåver:

I odelstingsproposisjonen vert det nemnd ein del sakstypar som råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha til handsaming. Dette gjeld m.a. økonomiplan og kommuneplan - tiltak og planar i helse- og sosialsektoren - bustadprogram og reguleringsplanar - samferdselssaker og kommunikasjonsplanar - kulturelle og andre kommunale tiltak som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er eit partipolitisk uavhengig råd, som arbeider på tvers av partigrensene.

Rådet skal vere orientert om levevilkåra for menneske med nedsett funksjonsevne i kommunen og følgja med at saker som gjeld menneske med nedsett funksjonsevne sine interesser vert ivaretatt på ein god måte.

*Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at kommunalavdelingane, råd og utval er vakne for kva saker som gjeld "**levevilkåra for menneske med nedsett funksjonsevne**", slik at rådet får sakene **før** det vert gjort endeleg vedtak.*

Mandat for råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Meland Kommune

1. Rådet skal arbeide for å sikre at FN konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne og Diskriminerings- og tilgjengelighetslova blir etterlevd i kommunen.
2. Rådet skal handsame saker som er viktige for menneske med nedsett funksjonsevne. Særleg viktige saksområde er tilkomst/universell utforming, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne og tenester for denne gruppa.
3. Rådet skal elles kunne ta opp tilhøve innanfor plan- og bygningssektoren, samferdsel, barnehage, skule, kultur, idrett, friluftsliv, helse og pleie- og omsorgstenestene.
4. Rådet skal ta del i og kan gje uttale til kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett.
5. Rådet skal ta del i og kan gje uttale til kommuneplan, kommunedelplanar og verksemdsplanar innan dei områda som er lista opp under punkt 2 i mandatet.
6. For å sikre best mogleg medverknad, må rådet kome inn i prosessane på eit tidleg tidspunkt , også når det ligg føre alternative måtar å gå vidare på.
7. Rådet skal ikkje handsame saker som gjeld einskildpersonar.
8. Rådet skal leggje fram melding om verksemda kvart år. Denne skal leggjast fram for kommunestyret.

Frekhaug 26.01.2018

RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Anne-Berit Kolås
Leiar

Anette Tangen Fredriksen
Sekretær